

Årsmelding for Hjelp Moldova 2019

Styret si samansetjing:

Leiar:	Jarle Ådlandsvik
Nestleiar:	Hans Bjørn Bakketeig
Kasserar:	Jan Eide
Styremedlem:	Heine Oen Nils Fredrik Nilsen
Varamedlem:	Jorunn Indrefjord Ingunn E. Bakketeig

Valkomité: Kåre Ness, Tonje S. Faanes og Erik Bjerring Hansen

Medlemmar og faste gjevarar

I 2019 var talet på medlemmar 113. Av desse er 85 faste gjevarar, dvs. om lag det same som tidlegare.

Styret

Organisasjonen har hatt fire styremøte i 2019.

Økonomi

Hjelp Moldova fekk ingen støtte frå det norske Utanriksdepartementet i 2019, men klarte likevel å halde aktiviteten oppe. Eitt av hovudmåla våre var å få myndigheitene i Moldova til å ta større ansvar, noko vi har jobba mykje med. Den politiske situasjonen gjer dette vanskeleg, men nytt av året var at den moldovske stat gir oss tilskot til innkjøp av synshjelpemiddel. Gjennom medisinsk forsikring i Moldova (moldovske myndigheiter) har vi fått tilført kr 450 000,-. Å vidareutvikle dette samarbeidet blir ei viktig oppgåve i 2020.

Grieg Foundation, organisasjonen sin viktigaste støttespelar dei siste ti åra, har også i 2019 støtta arbeidet vårt i Moldova med kr 300 000,-.

Vi er imponert og takknemlege for innsatsen dei vidaregåande skulane **Fusa vgs, Langhaugen vgs, Os gymnas og Os vgs** gjer for Hjelp Moldova. Engasjementet blant dei unge er stort – og alle skulane gjennomførte gode aksjoner.

Støtta frå givarar rundt om i landet har også i år gjort arbeidet vårt i Moldova mogleg. Her må vi mellom anna nemne Os/Bjørnafjorden soroptimistklubb som la ned etter 40 års aktivitet, og ga resterande midlar til Hjelp Moldova. Vi har òg fått gåver frå ulike runde dagar, og minnegåve frå bisetjing. I tillegg fekk organisasjonen ei større gåve frå ein anonym givar i Bergen. Stor takk til alle!

Innbetalingane frå faste gjevarar har gått til synssenteret, dette er om lag kr 10 000,- per månad.

Organisasjonen har vore i ei krevjande økonomisk situasjon og Hans Bjørn Bakketeig har derfor vore permittert i halv stilling halve året.

Nokre høgdepunkt frå 2019:

- I løpet av året har om lag tusen synshemma i Moldova fått hjelp i form av briller og andre tiltak. Aktiviteten vi har hatt i forbindelse med augekomplikasjonar ved diabetes gjer at mange heldigvis unngår å bli blinde.
- Vi har halde kurs for cirka hundre av landet sine augelegar og fastlegar om diabetes og augekomplikasjonar, laserbehandling med meir.
- I april var det ti år sidan vi etablerte synssenteret i Chisinau. Dette vart markert med eit miniseminar på Verdens synsdag den 9. oktober 2019, med om lag 50 personar til stades.
- Nytt behandlingsrom på «Mor og barn»-sjukehuset og augemedisinsk utstyr til to andre sjukehus, Republican og Emergency hospital.
- Dokumentarfilmen «Mirakelet i Moldova» blei vist i Moldova for første gong den 27. mai – den vant då pris for beste film i kategorien «Eyes on Moldova».
- Haustens studietur for dei fire vidaregåande skulane var vellukka. Desse turane er svært viktige for samarbeidet vårt, då elevar og lærarar med sjølvsyn får sjå korleis innsamla midlar vert brukte. Turane er også viktige for den vidare motivasjonen for å fortsetja innsamlinga til ulike prosjekt i Moldova.
- Julegåveprosjektet gav eit resultat på om lag kr 10 000,-. Desse midlane blir fordelte på ulike vanskelegstilte familiar i inneverande år.
- Turar:
 - I oktober arrangerte Nils Fredrik Nilsen ein 4-dagarstur for nokre av kollegaene sine.
 - Same månad var Jarle Ådlandsvik i Moldova i samband med synssenteret sitt 10-årsjubileum og Verdas synsdag. Han besøkte då nokre av familiarne i julegåveprosjektet.
 - Hans Bjørn Bakketeig har gjennomført ti reiser til Moldova i løpet av året.
- Optometriutdanninga: Vi er utruleg stolte over at vi har klart å opprette ei eiga optometriutdanning i Moldova – som per dags dato er utan eigne optikarar. Utdanninga går sin gang, og har no om lag 50 studentar fordelt på tre trinn. I praksisperiodane er synssenteret v/ dr. Tatiana Ghidirimschi og optikar/prosjektansvarleg Hans Bjørn Bakketeig aktive med undervising.

Vi takkar alle gjevarar og samarbeidspartnarar for all støtte i 2019.

Styret i Hjelp Moldova